



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.05.2017  
Vår ref.: 2016/4597-11  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: 16/828 - 17/9331

## **Førebels fråsegn til høyring av reguleringsplan for Risøy hyttefelt- Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 05.04.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Risøy hyttefelt, gnr.81, brn 10 m.fl. Lindås kommune. Hovudføre målet i planen er mellom anna fritidsbustad, naust, leikeplass og parkering. Føre målet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden der området er sett av til fritidsbustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 29.04.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### **Vurdering**

Planen som ligg føre legg opp til justering av eksisterande hyttefelt for å opne opp for fortetting av eksisterande hyttetomter i tråd med KDP. Det er lagt opp til auka talet parkeringsplasser, legge tilrette for leikeareal for barn og unge og betra forhold for bading og naustanlegg i strandsona. Det vert ikkje lagt tilrette for nye fritidsbustader i framlegget til plan.

#### Landskap

Ved oppstart av planarbeidet gjorde vi merksam på at planområdet ligg innafor landskapsområde Lurefjorden som er registrert med svært stor verdi. Planområdet ligg i sør innafor landskapsområde Lauvøyi- Straumsosen, der det er registrert landskap med stor verdi. Planframlegget som ligg føre sikrar ei god utvikling av hyttefeltet. Vi vil ellers vise til fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland i brev den 05.05.2017 der det vert gjeve merknader til planens utrekning av BRA.

#### Strandsone

Ved oppstart av planarbeidet minna vi om at planområdet ligg i strandsona og omfattar det regional friluftsområdet Hopssundet- Mjåsundet som er registrert med regionale verdier i strandona. Vi minna også om at planområdet ligg tett inntil det regionale friluftsområdet Lindåspollane-Lygra som er registrert med svært viktige regionale verdier i strandsona. Planen som ligg føre føl opp dei regionale interessene for strandsone og friluftsliv.

### Arkitektur og estetikk

Hordaland fylkeskommune legg vekt på at det må sikras heilskap og samanheng i dei fysiske omgjevnadene. Det er positivt at planen gjennom føresegn 4.1.6 sikrar arkitektur som er tilpassa landskap og byggeskikk. Vi ber om at dette vert sikra ved vidare fortetting innafor hyttetomtene. Det er viktig at nye tilbygg/anneks vert sett i heilskapleg samanheng med eksisterande bygg, terreng og landskap.

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. I samband med oppstart av reguleringsplanarbeid for Risøy hyttefelt varsla Hordaland fylkeskommune ei kulturhistorisk synfaring. Vi hadde dessverre ikkje kapasitet til å utføre synfaringa før 18.04.2017. Då delar av planområdet har potensial for funn frå steinalder, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Undersøkingssplikta etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt før planen kan godkjennast. Hordaland fylkeskommune har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader etter at planen er lagt ut til offentleg høyring for å kome med kulturminnefagleg fråsegn, jf. § 9 i kulturminnelova. Reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn 05.04.2017, og ny frist for kulturminnefagleg fråsegn vil verte 25.07.2017. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn i saka før resultatata frå den arkeologiske registreringa er klar.

Arbeidsomfanget er rekna til tre dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skriving av rapport. Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag var sendt i brev frå Fylkeskonservatoren datert 27.04.2017. Vi ber om ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, ressursnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan verte råka av tiltak etter planen, og har ikkje indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune kjem med førebels fråsegn til planen. Vi merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne og kulturmiljø og ber om utsett frist til 25.07.2017 for gjennomføring av arkeologisk registrering.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland